

Kontrollutvalet i Bjerkreim kommune

Møteinnkalling

Møtested:	Møterom 2
Dato:	07.09.2015
Tidspunkt:	Kl. 8.30
Møtenr:	4-2015

Til behandling:

Sak nr	Sakstittel
21/15	Godkjenning av protokoll frå møte den 1. juni 2015
22/15	Rapport selskapskontroll med forvaltningsrevisjon: Lyse Energi AS
23/15	Oppfølging av forvaltningsrevisjon: Økonomistyring
24/15	Oppfølging av revisors merknader til årsrekneskapet for 2014
25/15	Oppfølging av politiske vedtak 1. halvår 2015
26/15	Budsjett kontroll og tilsyn 2016 - kontrollutvalet sitt budsjettforslag
27/15	Rekneskapsoversikt kontroll og tilsyn pr. 31.07.15 - kontrollutvalet sitt budsjettområde
28/15	Statusoversikt pr. september 2015

Referatsaker/meldinger

Periode:	01.06.2015 - 07.09.2015	
Nr.	Arkivsak	Referatsakstittel
5/15	13/00217-43	Evaluerer av utvalgets arbeid i perioden
6/15	13/00301-49	Dokumenter knyttet til avgjørelse i sak om skoleskyss - u. off.

Vennligst meld eventuelt forfall snarest på telefon 51 33 65 90 evt. mobil til sekretær eller på e-post til postmottak.rks@sandnes.kommune.no.

Ved forfall blir varamedlemmer innkalt særskilt. Medlemmer som meiner seg inhabile, må gi melding om dette slik at varamedlem kan kallast inn.

Evt. saker merka (*Unntatt offentlighet i medhold av off. l.*) sendes bare til medlemmer/vara-medlemmer.

Vikeså, 31.08.2015

Magne Vaule
Leiar av kontrollutvalet

Wencke S. Olsen
Sekretariatet

21/15 Godkjenning av protokoll frå møte den 1. juni 2015

Arkivsak-dok. 13/00050-23
Arkivkode. 033
Saksbehandler. Wencke Sissel Olsen

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Bjerkreim	07.09.2015	21/15

Protokoll frå møte den 1. juni 2015 vert lagt fram for kontrollutvalet til endelig godkjenning.

FORSLAG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet i Bjerkreim godkjenner protokollen frå møte den 1. juni 2015.

SANDNES, 15.06.2015

Wencke Sissel Olsen
Daglig leder

Vedlegg:

[Protokoll kontrollutvalet i Bjerkreim 01.06.15](#)

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og treng ikkje signatur.

[Tilbake](#)

22/15 Rapport selskapskontroll med forvaltningsrevisjon: Lyse Energi AS

Arkivsak-dok. 14/00042-7
 Arkivkode. 217
 Saksbehandler. Wencke Sissel Olsen

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Bjerkreim	07.09.2015	22/15

Bakgrunn

Kontrollutvalet bestilte selskapskontrollen «Lyse Energi AS» i møte den 08.09.2014, i samarbeid med øvrige eigarkommunar. Formålet med prosjektet har vore å «gjennomføre kontroll med forvaltninga av eigarinteressene i Lyse Energi AS (eigarskapskontroll), og ei analyse av utvalde forhold knytt til selskapets drift og utvikling (forvaltningsrevisjon).»

Etter behandling i kontrollutvala til alle eigarkommunane, er følgjande problemstillingar og presiseringar vedtatt (problemstillingane revisor har arbeidd ut frå):

1. *Hvordan er selskapet styrt og hvordan er eiernes oppfølging av selskapet lagt opp?*
 - a. *Følger selskapet opp eierstrategien til kommunene?*
 - b. *Hvordan fastsettes utbytteprosenten i selskapet?*
 - c. *Hvilke prinsipper ligger til grunn for verdsettelse av anleggsmidler i konsernet?*
2. *Har selskapet tilfredsstillende planer og beredskap for å sikre strømforsyningen?*
 - a. *Hvilke planer har selskapet for vedlikehold knyttet til nett og trafostasjoner?*
 - b. *Er selskapet forberedt på økt energibruk mv. knyttet til ladestasjoner for el-biler, og hvordan et stort antall el-biler med hurtigladestasjoner i et nabolag vil påvirke strømleveransene?*
 - c. *Det ses også på klimautfordringer, terrortrusler samt utfallsstatistikk.*
3. *I hvilken grad har selskapet planer og beredskap for å sikre forsyninger knyttet til gass, internett og telekommunikasjon?*
4. *Hvilke risikovurderinger gjøres før større investeringer i nye anlegg, andre selskaper og nye forretningsområder?*
 - a. *I hvilken grad er eierkommunene involvert ved disse risikovurderingene?*
 - b. *Hvilken lærdom har selskapet trukket fra Noreco-saken?*
5. *Hvordan håndterer selskapet finansiell risikostyring?*
6. *Hvordan følger selskapet opp datterselskaper, datterdatterselskaper og tilknyttede selskaper?*
 - a. *Eieroppfølgingen*
 - b. *Samhandlingen (avtaler og transaksjoner mellom nærstående parter)*
7. *Hvilke retningslinjer er vedtatt i selskapet, hva er grunnlaget for beslutninger og hvem tar beslutninger bl.a. knyttet til hensiktsmessighet med små eierandeler i andre selskaper og om virksomheten generelt er i tråd med selskapets overordnede formål og eierstrategier?*
8. *En vurdering av de prinsipielle sidene ved at Lyse gjennom sponsing opptrer som regionalpolitisk aktør, f.eks. sponsing av studentboliger.*
 - a. *Hvordan håndterer selskapet sponsing og hvilket omfang har dette?*
9. *Hvordan følger selskapet opp lovregler om offentlige anskaffelser og offentlighet?*
10. *Hvordan håndterer selskapet etikk, arbeidsmiljø og miljøvern?*

Saksutgreiing

Kontrollutvalet har mottatt rapport frå den gjennomførte selskapskontrollen som nå vert lagt fram til behandling i kontrollutvalet, med innstilling til kommunestyret.

Revisor har endra tittelen på rapporten til «*Selskapskontroll av Lyse AS*», mens tittelen på prosjektet ved bestilling var «.....*Lyse Energi AS*», jfr. kommentar i rapporten på s. 4 under «Kort om selskapet».

Rapporten byggjer på intervjuar av sentrale personar, dokumentgransking og direkte kontrollar. Det er også nytta ekstern konsulent.

Revisor påpeiker innleiingsvis at «*vi har i vår kontroll anbefalinger som går på kommunenes felles eierstrategi, sammenligninger og oppfølging av selskapets avkastning, meroffentlighet og bedriftsforsamlingens rolle ved eierstyringen.*»

I rapporten kommer det fram følgjande hovudfunn:

Korleis er selskapet styrt?

Revisor har ingen merknader til styringa av selskapet. Det er utarbeidd strategiplan og styret har også utarbeidd styreinstruks og foretar årleg skriftlig eigenvurdering. I følgje revisor er også eigaranes kjønnsrepresentasjon i styret i samsvar med lovreglane, og eigaranes styremedlemmer er registrert i KS sitt styrevervregister. Styret har i følgje revisor gjennomgåande høgt utdanningsnivå, men det vert påpeika liten/ingen erfaring frå leiing av så store selskap– med unntak av tidlegare styreleiar.

Kommunenes eigarstrategi - Følgjer selskapet opp eigarstrategien til kommunane?

I følgje revisor er det «*i all hovedsak kommunenes felles eierstrategi som utgjør eierstyringen. Den interkommunale eierskapsgruppen følger opp selskapets praktisering av kommunenes felles eierstrategi og utreder/innstiller til større strategiske saker for bystyrene/kommunestyrene.*». Kommunane i den interkommunale eigarskapsgruppa (kommunane Stavanger, Sandnes, Sola, Time, Klepp, Hå, Randaberg og Gjesdal samt Rogaland Fylkeskommune) vedtok i 2010/2011 ein felles eigarstrategi overfor selskapet. Det viser seg at forslaget til eigarstrategi ikkje er behandla av eigarkommunane (dvs. i stor grad de mindre kommunane) utanfor denne eigarskapsgruppa. Det ligg dermed ikkje føre ein felles vedtatt eigarstrategi for selskapet, noko som i følgje revisor er uheldig.

I prinsippet styrer eigarane gjennom «eigarorgan», og dei største eigarkommunane har formøte i generalforsamling og bedriftsforsamling der saksdokument frå selskapet er tilgjengeleg. Bedriftsforsamlinga er mest involvert og kan behandla saker om investeringar og få orienteringar om saker. Bedriftsforsamlinga er Lyses politiske arena for drøfting og utøving av eigarskap og etter kommunanes felles eigarstrategi skal styret «*anvende bedriftsforsamlingen aktivt til drøfting av saker som er strategisk viktige for selskapet og aksjonærene.*». I følgje revisor er ikkje dette tilstrekkelig oppnådd.

I følgje revisor understreker Lyse at dei held seg til alle kommunanes overordna eigarstrategiar i eigarskapsmeldingane og alle kommunanes eigarstrategiar. I tillegg blir det utarbeidd ei melding frå styret til eigarane en gang i valperioden som gir kommunane høve til å vurdere konsernets verksemd opp mot eigne eigarmeldingar og eigarstrategiar.

Fastsetting av utbytteprosenten

Utbytteprosenten vert fastsett i samsvar med aksjonæravtalen frå 1998. Den er på *maks* 60% av årsresultatet etter skatt. Vedtatt eigarstrategi slår fast at verksemda skal sikra eigarane konkurransemessig utbytte som kan målast i forhold til alternative plasseringar med tilsvarende risiko. Det er venta eit høgt, konkurransedyktig og forutsigbart utbytte. Selskapet har ein treårig rullerande utbytteplan som vert presentert og drøftas på årlege felles eigarmøte samt møter med den enkelte eigarkommune.

Selskapets avkastning og verdivurdering

I følgje revisor har selskapet pr. 31.12.13 ein antatt nettoverdi på 25,684 milliardar kroner. Framover blir det venta fall i kraftprisar som vil redusera verdivurderinga, mens auka inntekter og avkastning på Telekom / Altibox og LNG / gass vil auka verdivurderinga.

Har selskapet tilfredsstillande planar og beredskap for å sikra straumforsyninga, inkl. vedlikehald av nett og trafostasjonar?

Lyse har dei nødvendige beredskapsplanar for produksjonsanlegga og straumnettet, der det også er tatt omsyn til vedlikehald av nett og trafostasjonar, samt auka energibruk knytt til ladestasjonar for el-bilar.

NVE og DSB utfører jamlige tilsyn hos Lyse Elnett AS, og hovudkonklusjonane frå begge er positive med nokre avvik og merknader. Lyse Elnett AS fekk i september 2014 bot av DSB på kr. 750 000 til for å ha delegert bort lovpålagte oppgåver. Etter NVE's avbrotstatistikk for 2013 kommer Lyse Elnett AS blant dei 15 % beste når det gjeld tal på straumavbrot pr. sluttbrukar og gjenopprettingstid. Unntaket er gjenopprettingstida ved kortvarige straum-brot, der selskapet bruker 1,2 minutt pr. straumavbrot mot 0,8 minutt på landsbasis.

Klimautfordringar, terrortruslar og utfallsstatistikk.

Selskapet har bl.a. utarbeidd kravspesifikasjon som skal nyttast ved prosjektering av nye anlegg med sikte på klimautfordringar.

I konsernets beredskapsplan er det tatt med typiske eksemplar på mulige hendingar, inklusiv mulige terrortruslar. Samla sett dreier det seg om mulige dam-brot, ukontrollert vatn-inntrenging i kraftstasjon, brann/eksplosjon i kraftstasjon og andre bygg/anlegg, bortfall av energileveransar i større område over lengre tid, *terroranslag*, andre langvarige tenesteutfall, ulukker med alvorlig person-skade/dødsfall knytt til Lyse si verksemd samt personlige og sensitive data på avvegar. Det er også tatt med pandemi.

Selskapet fører utfallsstatistikk for alle hendingar i nettet, sjå eksempel på s. 81 i rapporten.

I kva grad har selskapet planar og beredskap for å sikra forsyningar knytt til gass, internett og telekommunikasjon?

I følgje revisor har Lyse utarbeidd dei nødvendige beredskapsplanane knytt til gass, internett og telekommunikasjon.

Hovudrisiko knytt til LNG-verksemda er ei eventuell lekkasje av gass, enten i gassfase eller væskefase. Sikkerheit og beredskap vert følgt opp av DSB, som i juni 2014 gjekk inn med særskilt tilsyn i Risavika LNG Production AS med bakgrunn i ei lekkasje som oppstod under bunkring av LNG på M/S Bergensfjord (danskebåten). DSB såg alvorlig på denne hendinga. Det går for tida føre seg eit arbeid med Sola kommune, brannvesenet og DSB for å vurdere risikoen i Risavika. Lyse Neo AS er ISO-sertifisert og det var i følgje revisor ved nylig tilsyn frå DSB få avvik og merknader.

Kva for risikovurderingar vert gjort før større investeringar i nye anlegg, andre selskap og nye forretningsområde?

Selskapets investerings-komité gjer risikovurderingar før større investeringar i samsvar med mandat/instruks.

Investeringskomiteen kan gjera investeringar på minst 20 mill. kr. innanfor vedtatt strategi og 5 mill. kr. utanfor vedtatt strategi. Eigarkommunane blir gjennom bedriftsforsamlinga bare formelt involvert ved svært store investeringar, og sidan 1999 har det vore 3 store investeringssaker til behandling i bedriftsforsamlinga.

Revisor nemner også i rapporten Lyses investering i Noreco, som nå må sjås på som tapt. I følge revisor er investeringsbeløpet ikkje svært stort sett i forhold til det samla investerings-omfanget dei siste ti åra. Styret innser at mykje har gått galt i høv til denne investeringa, men står fast ved at den var relevant ut frå dei opplysningane og den risikosituasjonen som var på det aktuelle tidspunktet. Lyse har nå kun ein liten eigardel i Noreco, og utviklinga viser at var rett av styret å ikkje være med på en kapitalutvidinga i 2013.

Korleis handterer selskapet finansiell risikostyring?

Lyse har etablert styrande dokument for handtering av finansiell risiko, inkludert kraftpris. Risikoramane er godkjent av styra for dei ulike risikokategoriane og det er etablert varslings-rutinar til leiinga og styret ved brot på de vedtekne risikoramane.

Korleis følgjer selskapet opp dotterselskap, dotterdotterselskap og tilknytte selskap?

Konsernstyret har løpande oppfølging av dotterselskap, dotterdotterselskap og tilknytte selskap. Det blir jamleg gitt ein nærare presentasjon av det enkelte dotterselskap for konsernstyret. Dotterselskap direkte eigd av Lyse (morselskapet) er alle heileigde, og ingen av styremedlemmane i morselskapet sitter i styret til heileigde dotterselskap. Dette er i tråd med kommunanes felles eigarstrategi og KS sin anbefaling.

Prisinga av avtaler og transaksjonar mellom selskapa har tatt utgangspunkt i armlengde-prinsippet og norske internprisingsreglar, og ved dokumentasjon av internprisinga blir det brukt tredjepart. Selskapet sin eksterne revisor har ved tilbakemelding til revisor uttalt at det ikkje er noko å merka på dette området.

Kva for retningslinjer er vedtatt i selskapet, kva er grunnlaget for avgjerder og kven tar avgjerd m.a. knytt til hensiktsmessighet med små eigardelar i andre selskap og om verksemda generelt er i tråd med selskapet sitt overordna formål og eigarstrategiar?

I følge revisor er det ikkje utarbeidd spesifikke retningslinjer for investeringar i andre selskap med små eigardelar, men investeringane må følgja konsernet sine faste prosedyrar. Det blir alltid utført ei kommersiell vurdering, og større investeringar skal innom investeringskomiteen.

Korleis handterer selskapet sponning og kva for omfang har dette?

All sponsorverksemd i Lyse er kommersielt basert, og er ein del av selskapets marknadsføring. Det er knytt forventningar til at midla skal gi Lyse noko tilbake. I perioden 2008 – 2014 vart det utbetalt 82,6 mill. kr. til sponsorar, der Viking Fotball er det største enkeltengasjementet.

Når det gjelder sponning av studentbustader seier Lyse at det er viktig for selskapet at universitetet lukkast. Studentbustader er frå universitetets haldt fram som den faktoren som nå avgrensar universitetet sine utviklingsmulegheiter. Det var og er derfor i Lyse si interesse å bidra til bygging av studentbustader.

Det er i tillegg lovd midlar til IT-forsking (over åtte år) som skal bidra til ei langsiktig oppbygging av UiS innan forsking på datateknologi. I følgje Lyse er dei med som bidragsyter fordi forsking frå UiS gir dei tilgang på kunnskap når dei skal utvikla teknologi og nye løysningar.

Meirottelegheit

Lyse ønskjer ikkje å otteleggjera sine avkastningsmål for dei ulike verksemdene. Det er i strid med kommunane sin felles eigarstrategi om at Lyse skal praktisera meiottelegheit. I følgje revisor er det praksis frå leiande børsnoterte selskap « *at slik otteleggjing gjerne foretas.*»

Korleis følgjer selskapet opp lovreglar om ottelege anskaffingar og ottelegheit?

I følgje revisor er det kun Lyse Elnett AS som er omfatta av disse lovreglene – det gjeld både reglane knytt til *Lov om ottelege anskaffelser* og *Otteleglova*. Lyse har utarbeidd ein anskaffingsstrategi som gjeld for alle anskaffingar i konsernet, inkl. Lyse Elnett AS. I anskaffingsstrategien går det fram at alle anskaffingar så langt mulig skal vera basert på konkurranse. Lyse Elnett AS er også underlagt *forsyningsforskriften*, som ikkje har helt dei same krava til anbudsprotokoll som den klassiske anskaffelsesforskriften. Revisor anbefaler likevel føring av anbudsprotokoll som god praksis.

Revisors kontroll avdekka at ei anskaffing ikkje var kunngjort, elles har selskapet utarbeidd rutinar som skal ivareta lovreglar om ottelegheit, det gjeld og for journalføring og innsynskrav.

Korleis handterer selskapet etikk, arbeidsmiljø og miljøvern?

Revisor har ingen merknader. Habilitetsreglar vert følgt, det er utarbeidd etiske retningslinjer og internkontrollsystem, og det vert halde jamlege arbeidsmiljøundersøkingar. Sjukefråvær og turnover er lavt.

For utfyllande opplysningar og kommentarar vert det vist til den vedlagde rapporten.

Oppsummert anbefaler revisor følgjande:

- *Alle eierkommunene bør vedta en og samme felles eierstrategi. Her bør både kommune-styrene og generalforsamlingen/bedriftsforsamlingen involveres for å avklare prosessen ved å utforme og vedta eierstrategien. Det kan være hensiktsmessig at eierstrategien vedtas av generalforsamlingen/bedriftsforsamlingen til sist. På den måten får en et samlet vedtak fra alle eierkommunene.*
- *Styret bør legge stor vekt på at selskapet regelmessig gjennomfører grundige sammen-ligninger mot alle relevante konkurrenter av avkastningen pr. hovedarbeidsområde.*
- *Styret bør påse at ledelsen har konkrete planer som skal sørge for at Lyses avkastning minst er der styret har målsatt at den bør være.*
- *Styret kan vurdere og drøfte med eierne om det er hensiktsmessig å otteleggje avkastningsmål og avkastning for de enkelte virksomheter. Dette kan f.eks. gjøres som del av styrets melding til eierne. Dette vil gjøre det enklere for innbyggerne i eierkommunene og otteligheten i sin alminnelighet å vurdere Lyses resultater.*
- *Eierkommunene bør avklare nærmere bedriftsforsamlingens rolle ved større strategisaker.*

Styret og eigarane har fått anledning til å uttala seg til rapporten. Styret og eigarane gir her utfyllande kommentarar, sjå rapportens s. 12-15.

Kontrollutvalet ber om tilbakemelding på oppfølging av kommunestyret sitt vedtak ca. 6 måneder etter kommunestyret si handsaming av saka. Sak om oppfølging av rapporten vert vidaresend kommunestyret etter behandling i kontrollutvalet.

I medhald av *Forskrift om kontrollutvalg § 11* fremjar kontrollutvalet si innstilling direkte til kommunestyret.

**KONTROLLUTVALET INNSTILLER TIL KOMMUNESTYRET Å FATTE FØLGJANDE
VEDTAK:**

Kommunestyret i Bjerkreim tek selskapskontrollen «Lyse AS» til orientering.

Rapporten vidaresendast styret og representantskapet for oppfølging av rapportens konklusjonar og anbefalingar.

Styret og representantskapet gir tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet på korleis rapporten er fylgt opp innan ca. 6 månader etter kommunestyret sitt vedtak.

SANDNES, 04.06.2015

Wencke Sissel Olsen
Daglig leder

Vedlegg:

RR Selskapskontroll 2015 LYSE

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og trenger ikkje signatur.

[Tilbake](#)

23/15 Oppfølging av forvaltningsrevisjon: **Økonomistyring**

Arkivsak-dok. 13/00318-13
Arkivkode. 217
Saksbehandler. Wencke Sissel Olsen

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Bjerkreim	07.09.2015	23/15

Bakgrunn

Kommunestyret behandla i møte den 17.12.2015 forvaltningsrevisjon/selskapskontrollen «Økonomistyring», og fatta følgjande vedtak:

- *Kommunestyret i Bjerkreim sluttar seg til forvaltningsrevisjonsrapporten «Økonomistyring».*
- *Rapporten vert vidaresendt til rådmannen for oppfølging av rapportens konklusjonar og anbefalingar.*
- *Rådmannen gir tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om korleis rapporten er fylgt opp innan ca. 6 månader etter kommunestyret sitt vedtak.*

I rapporten kom revisor med følgjande anbefalingar til kommunen:

1. *Følgje opp forvaltningsrapporten i frå 2011 og utarbeide skriftlige rutinar for budsjettering og for risikovurderingar.*
2. *Vurdere ein annan måte å budsjettere pensjonsutgifter.*
3. *Legge opp til en grundigare budsjetteringsprosess, der en i større grad vurderer om det er forhold som gjør at budsjettet for noen avdelingar bør aukast eller reduserast i forhold til inneverande årsbudsjett.*
4. *Gjennomføre budsjettendringar for investeringsregnskapet.*
5. *Utarbeide betre oversikter i tertialrapporten der det kommer fram periodisert budsjett og avvik i kroner og på eit tidleg tidspunkt setja i verk tiltak dersom avdelingar eller kommunen totalt sett ikkje ligg an til å overhalda budsjettet.*

Saksutgreiing

Rådmannen har i brev av 17.08.15 gitt tilbakemelding på korleis rapporten er fylgt opp, sjå vedlegg.

I sitt svar gjer rådmannen greie for kva tiltak som er sett i verk i forhold til dei ulike anbefalingane:

1. Følgje opp forvaltningsrapporten i frå 2011 og utarbeida skriftlige rutinar for budsjettering og for risikovurderingar.

Forvaltningsrapport frå 2011 er følgt opp ved at det er laga reglement for økonomihandbok. Her er det i kommunestyresak 029/15 vedtatt følgjande reglement; Årsbudsjett, Økonomiplan, Årsavslutning, Meir- og mindreforbruk, Investeringsprosjekt, Delegering av budsjettmyndighet, Budsjettoppfølging og rapportering, Anvisning og Tap på fordringar. I disse reglementa ligg det også risikovurdering.

2. Vurdere ein annan måte å budsjettere pensjonsutgifter.

Pensjonsutgifter vert budsjettert f.o.m. budsjettår 2015 med premieavvik. Dette er innarbeidd i første tertial 2015. Likevel ønskes det å halda på høgt prosenttrekk vedr pensjonsutgifter.

3. Legge opp til ein grundigare budsjetteringsprosess, der ein i større grad vurderer om det er forhold som gjer at budsjettet for nokre avdelingar bør aukast eller reduserast i forhold til inneverande årsbudsjett.

Grundig budsjettprosess er alltid eit mål å gjennomføra, og også i år vil dette bli etterprøvd samstundes som regelverka trår i kraft. Det har vært ei arbeidssamling med formannskapet der vi såg hovudsakleg på tal frå årsrapport for 2014. I tillegg har det vært eit informasjonsmøte for kommunestyret der fokus var rammer og muligheter i budsjettarbeidet for 2016 og framover.

4. Gjennomføra budsjettendringar for investeringsregnskapet.

Gjennomført for budsjettåret 2014. Dette er utført og innarbeidd.

5. Utarbeida betre oversikter i tertialrapporten der det kommer fram periodisert budsjett og avvik i kroner og på eit tidleg tidspunkt setja i verk tiltak dersom avdelingar eller kommunen totalt sett ikkje ligg an til å overhalda budsjettet.

Periodisering av budsjett 2015 er gjennomført og rapporter blir utarbeidd deretter.

Rådmannen har svart på alle anbefalingar i rapporten. I følgje kontrollutvalgsforskrifta med merknader, ligg det til kontrollutvalet å sjå til at rådmannen følgjer opp rapporten. Det ligger ikkje til kontrollutvalet å fastsette korleis administrasjonen skal følgje opp påviste avvik/svakheiter i det konkrete tilfellet, da dette er rådmannen sitt ansvar. Kontrollutvalet kan likevel melde saker vidare til kommunestyret dersom kontrollutvalet meiner saker ikkje er fylgt opp på ein tilfredsstillande måte.

FORSLAG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet i Bjerkreim tar rådmannen si tilbakemelding om oppfølging av rapporten til orientering.

Melding om oppfølging vert sendt kommunestyret til orientering.

SANDNES, 15.06.2015

Wencke Sissel Olsen
Daglig leder

Vedlegg:

[Oppfølging av rapporten ang. økonomistyring](#)

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og treng ikkje signatur.

[Tilbake](#)

24/15 Oppfølging av revisors merknader til årsregnskapet for 2014

Arkivsak-dok. 13/00048-13
Arkivkode. 210
Saksbehandler. Wencke Sissel Olsen

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Bjerkreim	07.09.2015	24/15

Bakgrunn:

I forbindelse med kontrollutvalets behandling av regnskap og årsmelding for 2014, ble det fatta slikt vedtak:

Kontrollutvalet i Bjerkreim har ingen kommentarar til det framlagde årsregnskapet for 2014 ut over det som går fram av revisor sitt oppgjørsnotat og revisjonsberetning.
Kontrollutvalet vil følge opp utvalde merknader i revisor sitt oppgjørsnotat hausten 2015.

Saksutredning:

Blant revisors merknader til årsregnskapet merka kontrollutvalet seg spesielt følgende:

- Rutinar for sosialhjelp-utbetalingar blir sett på som tilfredsstillande, med unntak av at fullstendige namn følger med objektnumre i regnskapssystemet. Dette er ikkje i samsvar med personopplysningslovas bestemmelsar, og må endras slik at kun objektnumra går fram.
- Kommunen har ikkje anordna påløpt, ikkje utbetalt løn i 2014, slik at denne blir belasta 2015-regnskapet. Forholdet antas ikkje å ha vesentlig resultateffekt, idet praksis var lik i fjor. Balansen blir likevel ufullstendig. KRS nr. 7 og kommunelova § 48 nr. 2 krev at alle kjente utgifter og inntekter i året skal takast med i årsregnskapet for vedkommande år.

Sekretariatet har bedt om tilbakemelding frå administrasjonen på om det er sett i gang tiltak overfor desse og evt. andre merknader revisor kom med.

Sekretariatet har i e-post av 26.08.15 fått tilbakemelding frå kommunen om at merknadane som revisor hadde til årsregnskapet og som kontrollutvalet merka seg spesielt, vil bli lukka i inneverande rekneskapsår.

FORSLAG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet i Bjerkreim tar administrasjonens tilbakemelding til orientering.

SANDNES, 25.06.2015

Wencke Sissel Olsen
Daglig leder

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og treng ikkje signatur.

[Tilbake](#)

25/15 Oppfølging av politiske vedtak 1. halvår 2015

Arkivsak-dok. 13/00055-33
 Arkivkode. 033
 Saksbehandler. Wencke Sissel Olsen

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Bjerkreim	07.09.2015	25/15

Bakgrunn:

Sekretariatet ber kvart halvår administrasjonen i Bjerkreim kommune om å leggja fram ein enkelt halvårlig rapport over status på oppfølging av politiske vedtak. Rapporten skal òg leggst fram for kommunestyret etter at den er behandla i kontrollutvalet. .

Saksutredning:

Sekretariatet har mottatt oversikter over vedtak som er fatta 1. halvår 2015. Det er laga egne rapportar for LMT-utvalet, levekårsutvalet, formannskapet og kommunestyret, samt ei restanseliste for saker frå 2013 og 2014 som ikkje var avslutta. Sekretariatet har og laga ei oversikt over kontrollutvalets saker 1. halvår 2015.

Kommunestyret sine saker er anten sett i verk eller under arbeid/vidare utredning. Fleire av sakene er kommentert særskilt, sjå vedlegget.

Av saker vedtatt i *formannskapet* i perioden er dei fleste sakene avslutta eller vidaresendt kommunestyret eller Fylkesmannen. Ein god del saker knytt til søknad om oppretting av festegrunn for vindpark som i utgangspunktet vart utsett, er behandla på eit seinare tidspunkt.. Ei av sakene er eit avslag som skal behandlast på ny i formannskapet, utan at det går fram om denne er behandla på ny (sak frå møte 20.04.15). I tillegg er det eit par saker der kommunen venter på endelig avgjersle frå fylkesmannen i dispensasjonssak.

Når det gjeld *levvekårsutvalet* er alle saker gjennomført eller vidaresendt andre for sluttbehandling, med unntak av to saker. Det går fram av vedlegget kva som er status i sakene.

I *LMT-utvalet* er alle saker registrert som avslutta/tatt til etterretning eller under arbeid.

Kontrollutvalet sine saker er enten ferdigstilt/gjennomført eller under arbeid, det siste gjeld bestilt overordna analyse og ny rapport ang. skulemiljøet. Begge er forventa levert rund årsskiftet/første møte i 2016.

Det er og laga ei liste over *ikkje avslutta saker frå 2013 og 2014*. Her er det fleire saker som framleis venter på avgjersle frå Fylkesmannen eller som venter på innsending av naudsynte dokument før dei er ferdige. Det er og ei sak som er utsett på ubestemt tid i påvente av betre økonomi.

FORSLAG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet i Bjerkreim tek oppfølging av politiske vedtak 1. halvår 2015 til orientering.
Saka vert vidaresend kommunestyret i Bjerkreim til orientering.

SANDNES, 25.08.2015

Wencke Sissel Olsen
Daglig leder

Vedlegg:
[Oppfølgingslister](#)

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og trenger ikke signatur.

[Tilbake](#)

26/15 Budsjett kontroll og tilsyn 2016 - kontrollutvalet sitt budsjettforslag

Arkivsak-dok. 13/00156-12
 Arkivkode. 151
 Saksbehandler. Wencke Sissel Olsen

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Bjerkreim	07.09.2015	26/15

Bakgrunn:

Kontrollutvalet har eit lovpålagt ansvar for å utarbeida forslag til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen. Sidan kontrollutvalet er direkte underlagt kommunestyret, skal kontrollutvalets budsjettvedtak i tråd med forskrift leggst fram for kommunestyret i samband med behandling av kommunens samla budsjett for 2016.

Budsjettet skal omfatta alle utgifter forbundne med kontrollutvalet sitt arbeid. Kontrollutvalet blir derfor å sjå på som ei "avdeling" i kommunen med budsjettansvar for eige budsjett. Dette inneber òg eit ansvar for rekneskap og rekneskapsoppfølging.

Saksutgreiing:

Forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner pålegg kommunen å ha ei forsvarlig revisjonsordning og eit uavhengig sekretariat. Budsjettforslaget omfattar derfor lovpålagte oppgåver.

Budsjettforslaget er delt inn i 3 hovudpunkt; utgifter til utvalsarbeidet, kjøp av revisjons-tenester og sekretariat.

Kontrollutvalets utgifter

Kontrollutvalets utgifter består av møtegodtgjersle til kontrollutvalets medlemmer, utgifter til kjøring/ transport, kurs m.m. Utvalets medlemskap i FKT høyrer også med her, dette er ein kontingent som påløper årlig så lenge kommunen er medlem. Sekretariatet har ikkje mottatt meldingar frå Bjerkreim kommune om endringar i godtgjørsler el.l. Budsjettet er derfor ved at det er lagt til 10 000 kr. Ekstra til kurs og konferansar. Dette pga. nyval og større behov for opplæring av nytt kontrollutval. *Etter endringar i IKS-lova pr. 1. jan. 2014 er det kun denne delen av budsjettet som kan endrast av kommunestyret, sjå nedanfor.*

Revisors budsjettforslag:

Bjerkreim kommune er medeigar i det interkommunale selskapet Rogaland Revisjon IKS, og kjøper derfor sine revisjonstenester frå dette selskapet. Sekretariatet har mottatt forslag til budsjett frå revisor, som vert behandla i styre og representantskap i hhv. august og september. Når budsjettet er vedtatt i representantskapet, er det bindande for kommunen. Evt. endringar må derfor tas via kommunens representant i representantskapet.

Revisors budsjett omfattar i grove trekk utgifter til vanlig rekneskapsrevisjon, attestasjonar, forvaltningsrevisjon og selskapskontroll i tråd med planar vedtatt av kommunestyret, samt oppmøte i kontrollutvalet. Det vert vist til eige vedlegg frå revisor for oversikt over kva som er forventa brukt til dei forskjellige føremåla. Revisor har i sitt budsjettforslag foreslått ei auke på 3%.

Sekretariatets budsjettforslag:

Bjerkreim komme er medlem i det interkommunale § 27-samarbeidet Rogaland Kontrollutvalgssekretariat, og kjøper kontrollutvalets administrasjonstenester her. Sekretariatet sitt budsjett med fordeling av grunnbeløp til kommunane vart godkjent av styret den 5. juni 2015. Budsjettet i eit § 27-samarbeid som er eige rettssubjekt vert fastsett av styret i samarbeidet og følgjer elles dei same reglane som for interkommunale selskap, dvs. at det ikkje kan endrast av samarbeidskommunane.

Det er i år ei samla auke i budsjettet på ca 1%. Samarbeidet skal drivast etter sjølvkostprinsippet, og endeleg betaling til kommunane vert i tråd med vedtektene gjort ved rekneskapsavslutning. Fram til nå har det enten ført til tilbakebetaling av overskot eller at styrets vedtekne budsjett har vore tilstrekkelig. I 2015 har kommunen fått ei tilbakebetaling på 17 500 kr.

Samla budsjettforslag

Samla sett vert det føreslått eit budsjett på kr. 536 000 kr. eksklusiv meirverdiavgift.

FORSLAG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet i Bjerkreim tilrår eit samla budsjett for kontroll og tilsyn for 2016 på kr. 536 000,- ekskl. mva.

SANDNES, 05.08.2015

Wencke Sissel Olsen
Daglig leder

Vedlegg:

[Samla budsjettforslag](#)
[Revisor sitt budsjettforslag](#)

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og treng ikkje signatur.

[Tilbake](#)

27/15 Rekneskapsoversikt kontroll og tilsyn pr. 31.07.15 **- kontrollutvalet sitt budsjettområde**

Arkivsak-dok. 13/00233-28
Arkivkode. 212
Saksbehandler. Wencke Sissel Olsen

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Bjerkreim	07.09.2015	27/15

Bakgrunn:

Som ein konsekvens av kontrollutvalets ansvar for å leggja fram årlege budsjettforslag for kontroll og tilsyn (eiga sak) følger også ansvar for budsjettoppfølging overfor eige budsjett.

Rapporten baserer seg på mottatte opplysningar frå Bjerkreim kommune pr. 31.07.15, revisors tertialrapport pr. 31.07.15 (vedlegg) og sekretariatets rekneskap pr. 31.07.2015.

Saksutgreiing:

Kommunen rapporterer tertialvis, og 2. tertial er pr. 31.08. Revisor rapporterer imidlertid alltid i samband med oversending av budsjettforslaget for komande år, som er pr. 31.07. Rekneskapsoversikta er derfor sett opp pr. denne datoen. Gjennomsnittlig forbruk pr. 31.07. ligg på ca. 58% av budsjettet. For revisor vil det likevel variere i løpet av året, då nokre periodar er meir arbeidsintensive enn andre. Sekretariatet fakturerer eit fast beløp i 3 terminar, og skal derfor ligga på normalforbruket i forhold til kontrollutvalets budsjettforslag. På dette tidspunktet vil oversikta frå selskapa (revisor og sekretariat) gi det rettaste bildet av forbruket innafor dette området, då det viser faktisk forbruk i perioden. Kommunens oversikt viser kva som er postert i rekneskapet pr. 31.07.2015. Det kan derfor vera rekningar som ikkje er postert eller fakturaer som ikkje er sendt på rapporteringstidspunktet.

Når det gjeld utgifter til sekretariat ligg dette under normalforbruket både på kommunens oversikt og på eigen oversikt. Kommunen har kun postert 1. termin, mens 2. termin vart sendt ut før ferien. Sjølv om 2. termin er med ligg forbruket lågt, dette skuldast tilbakebetalingar til kommunen etter rekneskapsavlegging.

Revisors oversikt viser at det er brukt mindre enn gjennomsnittet både på det som er oppgitt frå kommunen og frå revisor, sjølv om det ser ut som enkelte fakturaer ikkje har blitt registrert på rapporteringstidspunktet.

Samla forbruk litt under gjennomsnittet både på kommunens eigen rapportering og når ein tar omsyn til selskapa sine egne rekneskap.

FORSLAG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet i Bjerkreim tar rekneskapsoversikt kontroll og tilsyn pr. 31.07.15 til orientering.

SANDNES, 06.08.2015

Wencke Sissel Olsen
Daglig leder

Vedlegg:

[Rekneskapsoversikt](#)

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og treng ikkje signatur.

[Tilbake](#)

28/15 Statusoversikt pr. september 2015

Arkivsak-dok. 13/00051-34
 Arkivkode. 217
 Saksbehandler. Wencke Sissel Olsen

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Bjerkreim	07.09.2015	28/15

Bakgrunn

Denne oversikten er kontrollutvalet sitt verktøy til å følgja saker som går fleire møter. Det gjeld først og fremst forvaltningsrevisjonar og selskapskontrollar som skal følgjast frå dei vert bestilt og til dei er endeleg følgde opp. I tillegg vil òg andre type saker som krev oppfølging bli tatt inn i oversikta.

Oversikta vert oppdatert til kvart møte.

Saksutredning

Oversikta inneheld tabellar over prosjekt som kontrollutvalet arbeider med eller som er ferdigstilte. Først ei oversikt over pågåande prosjekt, deretter ei oversikt over prosjekt som er behandla i kontrollutvalet, men der oppfølging av kommunestyrets vedtak ventar og til slutt ei oversikt over ferdigstilte prosjekt i den inneverande perioden.

Prosjekt som vert bestilt av kontrollutvalet skal vera med bakgrunn i vedtekne planar. Utvalet er likevel delegert mynde til sjølv å oppdatera planen dersom spesielle omsyn gjer det ønskeleg å prioritera andre tiltak. Plan for forvaltningsrevisjon vart vedtatt av kommunestyret hausten 2012.

Til dette møtet ligg desse saken føre til behandling:

- Behandling av selskapskontroll med forvaltningsrevisjon «Lyse Energi AS»
- Oppfølging av forvaltningsrevisjon «Økonomistyring»

FORSLAG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet i Bjerkreim tar statusoversikt pr. september 2015 til orientering.

SANDNES, 15.06.2015

Wencke Sissel Olsen
 Daglig leder

Vedlegg:

[Statusoversikt pr. september 2015](#)

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og trenr ikkje signatur.

[Tilbake](#)

Referat-/meldingssaker:

5/15 Evaluering av utvalets arbeid i perioden

6/15 Dokument knytt til avgjersle i sak om skuleskyss - u. off.
OFL § 13/Fvl §

[Tilbake](#)